



Norddal kommune



STORDAL KOMMUNE

På veg mot ein ny kommune....

Norddal og Stordal skal bli ein kommune frå 1.januar 2020. Kva denne kommunen skal heite, er enno ikkje bestemt, men fellesnemnda har fått inn over seksti ulike namneforslag til vurdering. Desse forslaga vil i desse dagar verte gjort kjende. Så må fellesnemnda vurdere forslaga og gjere ei tilråding. Sjølv om namnet til sjuande og sist skal fastsetjast i kongeleg resolusjon, skal det mykje til å overprøve eit namneval som det er semje om. Namnevalet vil bli gjort av kommunestyra innan 25.august i år.

Den nye kommunen vil i folketal vere den minste i fylket, men målt i areal vil vi vere blant dei største. Intensjonsavtalen slår fast at det viktigaste føremålet med samanslåinga, er å trygge og utvikle gode og attraktive lokalsamfunn. Begge kommunane er i dag typiske distriktskommunar: Små bygder med sterk dugnadsinnsats og mykje frivillig arbeid, gode tenester og korte avstandar mellom innbyggjarar og lokalpolitikarar. Desse verdiane er det viktig å sikre for framtida. Viktig vert det også å legge eit godt grunnlag for folketalsvekst. Det må mellom anna skje gjennom aktiv og målretta tilrettelegging for lokalt næringsliv. Vi vil vere medvitne om kva som er konkurransefortrinna våre – og vidareutvikle dei.

Det er valt medlemmer til ei fellesnemnd med fire kommunestyrepolitikarar frå kvar av kommunane. Ordførar i Stordal, Eva Hove er valt til leiar, ordførar i Norddal, Arne Sandnes er nestleiar. Denne fellesnemnda har starta arbeidet og har hatt fleire møte. Hovudtillitsvalt og Hovudverneombod frå dei to kommunane har møte og talerett i fellesnemnda. Fellesnemnda og tillitsvalde har brukt ein del tid på å lære av andre, mellom anna gav Petter Ingeberg oss nyttig informasjon om prosessen då Frei og Kristiansund vart ein kommune for nokre år sidan.

Fellesnemnda har allereie peika ut nokre område som vi snarast råd ønskjer å sjå på som felles for begge kommunane. Det gjeld tekniske tenester, det gjeld skulefagleg ansvar, det omsorgsberedskap/kriseteam og det gjeld personalavdelinga. Vi ser at på mange område kan det vere slik at der den eine kommunen no manglar kompetanse, kan kanskje den andre kommunen

bidra. Samla vert vi då mindre sårbare enn det vi er kvar for oss. Vi kan med andre ord begynne å hauste dei lågthengande fruktene allereie no.

Arbeidet med å etablere ein ny kommune er svært omfattande og det er nødvendig å arbeide målretta og strukturert for å prioritere dei viktigaste oppgåvene og halde nødvendig framdrift. Det trengst nokon som kan ha særleg fokus på å leie denne prosessen, for samtidig som to kommunar skal bli til ein, skal ein også drifte dei to kommune som eigne kommunar fram til 1.1.2020.

Tidlegare i vår vart det lyst ut stilling som prosjektleiar og no nyleg fekk Hilde Dyrkorn tilbod om stillinga. Ho er i dag kommunalsjef i Norddal kommune, men vil rett over sommarferien ta fatt i arbeidet med å leie prosessen fram mot ein ny kommune. Skal dette bli ein vellykka prosess, er vi også avhengige av å trekke vekslar på alle dei ressursane vi har i dei tilsette. Dei som utfører tenestene, dei som til dagleg ser kvar ressursane er og kvar problema ligg, vil verte viktige medspelarar i det arbeidet som ligg framfor oss. Fellesnemnda er svært klar over dette, og vil gjere sitt til at tilhøva for god medverknad frå dei tilsette skal vere så gode som råd. Likeeins vil det vere avgjerande at lokalpolitikarane kjenner at der er politisk styring i prosessen. Og innbyggerane bør få god informasjon. På vegner av fellesnemnda ynskjer eg oss alle lykke til og minner om at møta i fellesnemnda er opne møte.

Leiar i fellesnemnda for Norddal og Stordal

Eva Hove

29.juni 2017